



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

MOTTATT

15 OKT 2014

Statens vegvesen

Region vest

Dykkar ref.:

Vår dato: 14.10.2014

Vår ref.: 2012/2210

Arkivnr.: 421.3

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

2010010799-90
362

Oversending av kommunedelplan for E39 Ålgård - Hove i Sandnes og Gjesdal kommune for endeleg avgjerd

Kommunedelplan for ny E39 frå Hove i Sandnes til Ålgård i Gjesdal kommune vert sendt over til departementet for endeleg behandling. Oversendinga gjeld delområde B i planen, om det skal vere lang eller kort dagsone forbi Figgjo/Håland i Sandnes.

Det ligg føre motstridande motsegner i saka. Fylkesmannen har motsegn til alternativ B9, som er lang dagsone, medan Statens vegvesen har motsegn til alternativ B15, som er kort dagsone. Eit samrøystes Sandnes kommunestyre har tilrådd kort dagsone, i samsvar med Fylkesmannen si motsegn.

Fylkesmannen rår departementet til å stadfesta Sandnes kommune sitt vedtak om å velje alternativ B15 (kort dagsone). Alternativ B15 i forhold til B9:

- Sikrar nasjonale jordverninteresser betre
- Tar betre vare på interessene til barn og unge
- Gir redusert støy- og nærmiljøbelastningar
- Gir vesentleg betre landskapsverknad

Vi viser til Sandnes kommune si oversending av saka.

Kommunedelplan for ny E39 frå Hove i Sandnes til Ålgård i Gjesdal kommune vert sendt over til departementet for endeleg behandling. Oversendinga gjeld delområde B i planen. Delområda A, C og D er eigengodkjent av Sandnes og Gjesdal kommunar.

For delområde B ligg det føre to vegalternativ, B9 og B15, om det skal vere lang eller kort dagsone forbi Figgjo/Håland i Sandnes:

- B9: 1400 m dagsone mellom tunnel i sør og nord – 1800 m tunnel i nord
- B15: 600 m dagsone mellom tunnel i sør og nord – 2600 m tunnel i nord

Begge alternativa kan kombinerast med vald trase for delområde A og C i kvar retning.

Det ligg føre motstridande motsegner i saka. Fylkesmannen har motsegn til alternativ B9, som er lang dagsone, medan Statens vegvesen har motsegn til alternativ B15, som er kort dagsone. Eit samrøystes Sandnes kommunestyre har tilrådd alternativ B15, i samsvar med Fylkesmannen si motsegn.

Delstrekning B for kommunedelplanen vart sendt over til departementet for endeleg behandling. Tre av fire eksemplar av saka sine dokument er allereie sendt over til departementet. Det fjerde eksemplaret er vedlagt.

Statleg samordning

Kommunedelplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn 15.02.2012. Fylkesmannen fremja motsegn til planen 02.05.2012. Dette var før prøveprosjektet om statleg samordning av motsegner var starta opp.

Etter tilleggsutgreiingar for delområde B, med fleire trasealternativ forbi Figgjo/Håland, vart planen lagt ut til nytt offentleg ettersyn 25.11.2013. Til dette planforslaget fremja Fylkesmannen og Statens vegvesen motstridande motsegner. Fylkesmannen fremja motsegn til B9, medan Statens vegvesen fremja motsegn til B15. Sidan prøveprosjektet for statleg samordning av motsegner på det tidspunktet var starta opp, vart det den 29.01.2014 gjennomført eit statleg samordningsmøte i saka.

På møtet vart det konkludert med at både Fylkesmannen og vegvesenet held fast på sine motsegner. Det var semje om at begge motsegnene skulle oversendast Sandnes kommune for vidare behandling. Sjå samordna statleg fråsegn 30.01.2014. Det er også vektlagt at ei «avskjering» av motsegn ville svekke den lokaldemokratiske behandlinga i Sandnes kommune. Lokalsamfunnet på Figgjo har vist stort engasjement i saka, og har deltatt aktivt i planprosessen.

Etter at Sandnes kommune gjorde vedtak om å tilrå vegalternativ B15, vart det den 02.06.2014 gjennomført mekling mellom Sandnes kommune og Statens vegvesen. På meklinga vart det ikkje oppnådd semje, slik at plansaka må sendast over til departementet for endeleg avgjerd.

Vedtak i Sandnes bystyre og kommunen sitt oversendingsbrev

Sandnes bystyre gjorde 20.05.14 samrøystes vedtak for delområde B:

«2. På parsellen Figgjo – Bråstein anbefaler bystyret alternativ B15, med toplanskryss på Håland.

Begrunnelsen for valget er at dette alternativet er det klart beste for Figgjo bydel og innbyggerne der. E39 skjærer gjennom bygda og B15 er det miljømessig beste alternativet for bydelen. Innbyggerne slutter opp om denne løsningen som er langsiktig og fremtidsrettet.

Løsningen innebærer også at det kan unngås at flere hus må rives. Videre framstår løsningen som klart best hva angår vern av matjord, støyforhold og viktige turområder/miljøforhold.

På bakgrunn av disse forholdene kan en merkostnad for alternativ B15, sett i forhold til langsiktige miljø- og samfunnsøkonomiske fordeler, etter bystyrets mening klart forsvares.

Bystyret legger også vekt på at alternativet i følge Statens vegvesen er innenfor gjeldende krav til sikkerhet og utforming.»

Fylkesmannen viser til dei omsyna som kommunen har lagt vekt på, og støttar desse.

Sandnes kommune sitt oversendingsbrev med tilhøyrande vedlegg er godt dekkande for saka. Fylkesmannen vil derfor generelt vise til desse dokumenta.

Fylkesmannen har berre nokre mindre utfyllande merknader. I kommunen sitt oversendingsbrev (siste avsnitt side 3) er ikkje innmarksbeite tatt med i omtalen av forskjellen mellom B9 og B15. B9 krev omdisponering av 42 dekar meir jordbruksreal enn B15 (jf. vegvesenet sine tal) - 22 dekar meir dyrka jord og 20 dekar meir innmarksbeite.

Etter Fylkesmannen si vurdering er forskjellen på alternativa enda større. Vi har erfaring med at direkte og indirekte konsekvensar av vegprosjekt, veganlegg og randsoner, gir vesentleg større arealbeslag enn det som blir omtalt i konsekvensutgreiingane. B9 med lang dagsone vil utanom større direkte arealomdisponeringar også dele fleire gardsbruk og eit større samanhengande jordbruksområde i to med barriereverknad og tilhøyrande dårlegare arrondering for den aktive jordbruksdrifta i området.

Kommunen viser til kostnader på 200 mill. kroner (jf. side 4 siste avsnitt). Dette beløpet er ikkje relatert til forskjell i anleggskostnad. Det er tal frå Statens vegvesen sine effektutrekningar og forskjell i samfunnsnytte.

Tilråding

Fylkesmannen rår departementet til å stadfesta Sandnes kommune sitt samrøystes vedtak om å tilrå alternativ B15 med kort dagsone. Alternativ B15 sikrar nasjonale jordverninteresser på ein betre måte enn B9. B15 tar betre vare på interessene til barn og unge, gir reduserte støy- og nærmiljøbelastningar for bydelen Figgjo, og med vesentleg betre landskapsverknad.

Sandnes kommune har lagt vekt på dei ikkje-prissette konsekvensane, der vegalternativ B15 kjem vesentleg betre ut enn B9. Fylkesmannen støttar kommunen si vektlegging av dei ikkje-prissette konsekvensane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	Oslo
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes

Vedlegg: Eksemplar nr. 4 av saka sine dokument